

Kyrkjetonar



Han gjekk borttil og la handa på båra. Då stansa dei som bar. Så sa han: «Du unge mann, eg seier deg: Stå opp!» Då sette den døde seg opp og tok til å tala, og Jesus gav han til mor hans. Då vart alle fylte av ærefrykt; dei lova Gud og sa: «Ein stor profet har stige fram hos oss, og Gud har gjesta sitt folk.»

Lukas 7, 14 - 16

Framsidediletet:
Konfirmentar på tur til Hedlåsen, Nedstrand
foto: Dag Tormod Milje

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Nøytral og samfunnsegasjert

Dette bladet vert laga i innspurten på valkampen, men dei fleste av dykk får ikkje bladet i postkassen før valets vinnarar og taparar er utropt, og dei politiske kommentatorane har forklart kvifor det vart nettopp slik.

Dei siste åra har kyrkja, ved Kyrkjemøtet, hatt utspel om klima, miljø, flyktning- og sosial politikk. At kristne står opp for dei svakaste i samfunnet er naturleg, anten det er menneske på flukt eller menneske som er mest utsett for klimaendringar og havnivåstigning. Vern av skaparverket bør også vera naturleg for kyrkja.

Kyrkja er ein del av verda, og verda ein del av kyrkja. Men når kyrkja meiner noko vekker det reaksjonar. Oftast er det dei som er uenige i kyrkja sine konklusjonar og utspel, som hevdar at Kyrkja skal vera nøytral i konfliktfylte saker.

I valkampen me nettopp har lagt bak oss har kyrkja halde ein låg profil. Rolla er ganske klår; kyrkja skal vera partinøytral men ikkje nøytral i sak.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta 5. september



faksimile:
Vårt Land, vl.no

redaktørens hjørne

Utegudsteneste på Bokn

Bildeglimt frå utegudstenesta på Nærmiljøanlegget 6. juni.

av Marie Vågshaug



Bilete over: Odd Grønnestad er 70 år og har ein lang og tru teneste som kyrkjetenar i Bokn. Han fekk frukttre, overrakt av kyrkjeverge Jan Magne Moi, til dagen sin. Han har ikkje tenkt å slutte å jobbe, så lenge helsa er så god som nå.

Basar og suppe i Nedstrand sokn

av Synnøve Bårdsen Lindanger

Nedstrand sokneråd har flytta sin tradisjonelle vårbasar til fredag 22. oktober kl.18.00 på Grendasenteret i Skjoldastraumen.

I fjor var basaren digitale på Facebook. Dette året vonar me at me kan samlast fysisk. Smittevernet står fortsatt sentralt, men me satsar på at det leg seg gjera.

Me har mange flotte gevinstar som skal trekkjast både på årer og frå bok. Andakt, musikkinnslag, kaffi og noko å bita i vil der også bli.



Store og små er velkomne!

Gudstjeneste med betasuppe.

To dagar etter basaren vil Skjoldastraumen kyrkje ha gudsteneste med utdeling av 4 årsbok. Rett etter gudstenesta vil dei som har vore i kyrkja få servert betasuppa på Grendasenteret. Andre som vil smaka betasuppa er også hjarteleg velkomne.



Kan du ikkje kome til Grendasenteret i Skjoldastraumen, har du ein nye sjanse søndagen etter. Då er det 4 åringane på Nedstrand som får boka si. Etterpå blir det betasuppa på Soknatunet.

Ein må melda seg på til søndagsmiddagen. Du finn påmeldingslinken mellom anna på Facebook-sida til Skjoldastraumen kyrkje & Nedstrand kyrkje. (Me har frå i haust fått ei felles FB side)



Helene Teistedal Vikre ordineres til prest i Tysvær kyrkje, 5. september. Hun velsignes til tjeneste av Biskop Anne Lise Ådnøy, Arne Aurdal, Kjetil Friestad, Torleif Susort, Marit Sofie Teistedal Vikre, Helga Haugland Byfuglien og Rune Steensnæs Engedal. Foto: Steinar Høivik

Helene ordinert i Tysvær kyrkje

av Steinar Høivik

Helene Teistedal Vikre ble søndag 5 september ordinert til prest i Tysvær Kyrkje.

Helene Prest tok frem i sin tale nødvendigheten og viktigheten av trygghet i relasjoner, respons, blikk, gode smil. Helene forteller om sin første mac. Alt den ble brukt til av kommunikasjon, bilder og skole, og drar linjer fra vårt fokus på telefon og databruk til Jesu besøk hos Martha og Maria, der Maria sitter stille fokusert og er opptatt av Jesus, mens Martha stuller og steller og er opptatt av det praktiske.

Vi trenger kanskje en pause og pusterom fra vår travle dag, for nettopp å ikke gå glipp av et varmt blikk, gode smil og en oppriktig respons.

Skal vi bare sitte stille og ikke gjøre noe? Jesus vil vise oss nødvendig fokus gjennom denne fortellingen. Helenes oppfordring i lys av dette er da "søk først guds rike og så det andre etterpå."



Bilde over: Inngangsprosesjon. foto: kirken.no



Bilde over: Stolaen kommer på plass! **Bilde under:** Ordinand Helene Teistedal Vikre og Biskop Anne Lise Ådnøy. foto: kirken.no




Etter ordinasjon ble gjester og menighet invitert til kyrkjeaffi på soknehuset.

Helene skal ha teneste som prest for ungdom i menighetene Hafs fjord og Sunde.

Som en digresjon fortelles under kyrkjeaffien at Helene betyr «den strålende, skinande» og det sammenfaller med våre ønsker for Helene Prest sin tjeneste.

Les mer og se flere bilder på kirken.no



Fylg gjerne @kirkenitysver på instagram og facebook.

Babysang

For alle som har barn i alderen 0-1 år
Åtte mandager kl. 10.00 i Aksdal kyrkje

Datoar resten av hausten:
13. september,
20. september,
27. september, 4. oktober



Vi synger gamle og nye sanger, lærer rim og regler, og koser oss sammen med barna. Ta med niste hvis du vil. Vi serverer te og kaffi. Ta gjerne med et lite teppe som barnet kan ligge på.

Velkommen!

Her kan du betale med vipps

523083
Vipps-nummer

Vipps til Kyrkjetonar

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083

Off-Piste 2021

av Dag Tormod Milje

Så er vi i gang igjen. Med konfirmantkull 2022.

Covid'en set framleis sitt preg på mykje av det vi driv med i kyrkja. Smitte, testing og låg terskel for å halda seg heima verkar framleis inn på det vi driv med. Men det var godt å kunne starte på «grønt nivå» og ha nesten normale samlingar og opplegg.

Dei 21 konfirmantane i Skjoldastraumen og Nedstrand har hatt kick-off med Off-piste helg. Det er eit opplegg som vi har hatt i mange år med mange involverte. Det er gøy å ta imot to konfirmantgrupper som ikkje kjenner kvarandre særleg frå før. Vi ser at opplegg over fleira dagar gjer at gruppedynamikken verkar positivt og ungdommane knyt kontakt.

Fredag kveld gjekk det i film og taco. Det kan sikkert vere meiningar om det er så klokt at soknepresten «utset» konfirmantane for ein 20 år gamal film, med handling lagt til 50 talet. Men handlinga i filmen, om



Bilete over: Grillkokk Ørjan Bjørnsen og sultne konfirmantar.

ungdommar på konfirmantane sin alder, som i sitt liv prøver å meistre livet med mobbing, vennskap og forelskelse, og der tru, endringskraft og håp om å utrette mirakler står i sentrum, held i det minste konfirmantane vakne. Responsen frå gruppene etterpå viste at filmen skaper ein smule engasjement, og spørsmål om tru og liv blir aktualisert hos konfirmantane.

Lørdagen har vi anledning til å vera mykje ute – og vi hadde fantastisk flott vær. Dagen blei ramma inn med fokus på skapar-

verket og vår gudgitte oppgave som forvaltarar av det.

Kyrkjelydspedagog Janne Eide samla konfirmantane i Nedstrand kyrkje. Der fekk dei lære om «Kyrkja som bygg og symbol» og reflektere -blant anna gjennom Quiz i grupper - over kyrkjebygga si historie og funksjon gjennom tidene, og om kristne symbol; korleis vi kommuniserer og held oss til tru med meir enn ord. Det siste kom godt fram ved å gå inn i billedspråket til altartavla frå 1611 i Nedstrand kyrkje.



Bilete til vestre: Leirdueskyting. **Bilete over:** Prøver på en innertier med rifle.

Saman med Nedstrand skyttarlag vert konfirmantane invitert til skytebanen. For dei fleste av konfirmantane er det fyrste gong dei kjenner krafta frå våpen som jegrar brukar på jakt, når dei haustar frå naturen. Med respekt og god instruksjon er det inspirerende for ungdommen å teste eigne grenser og oppleve utfordringa i å treffe målet.

På ettermiddagen gikk turen opp til Hedleåsen, ste-søstera til Himakånå.... Fokus var blant anna på samarbeid og nødvendigheten av saman å løyse oppgåver. Og å kjenne på kroppen som jobbar i bakkane og som treng vatn, hjarta som pumpar kraft og lunger som treng ande på vegen opp dei 200 høgdemetrane som skulle bestigast.

Godt var det å komme ned igjen til kokk (og far) Ørjan Bjørnsen som hadde god fyr på grillen og serverte konfirmantane og oss vaksne nydeleg grillmat.



Kvelden blei avslutta med kanonball. Først med blanda gruppe. Så Skjoldastraumen mot Nedstrand. Gjett kven som vant....

det blir bra. Så takk til Nedstrand skyttarlag og til foreldre for både god mat og hjelp under vegg.

I kyrkja er vi ei del tilsette som har ansvar mellom anna for konfirmantopplegget. Men det er når mange frivillige er med i tillegg

Konfirmasjonar i september 2021


I desse dagar er vi i innspurten på konfirmasjonstida for årets konfirmantar.

Tysvær har konfirmasjonar helga 12. september. Skjoldastraumen helga etterpå. Førresfjorden og Nedstrand har siste helga i september. Nå har vi dei siste undervisningstimane, gjennomfører Ung messe og legg planar for festgudstenester i kyrkjene.

Vi veit at konfirmantar og foreldre er spente. Det er vi lederar i konfirmantarbeidet også. Covid-utfordringa er i år litt annleis enn det vi opplevde i fjor. Ut over avstandsregel som avgrensar antall personar i kyrkjene og god hygiene, vil vi sannsynlegvis ikkje ha avgrensing på å samle folk til konfirmasjonsgudstenestene.

Risikoen i år er at på grunn av smitte-trykket blant ungdom kan enkelte av konfirmantane risikere å koma i karantene. Vi håpar ikkje det skjer. Skulle det skje, skal iallfall vi i kyrkja legge til rette for alternativ.

tekst: Dag Tormod Milje
foto: Kristian Jørgensen





Fellesmøter i Aksdal kyrkje

5. – 17. oktober kl 19 (uke 40 og 41), ikke mandag og lørdag

Taler: Klaus Muff og Anne Kristine Rosberg m.fl.

Mye sang og musikk på møtene

Alle hjertelig velkommen!



Basar på Soknaton

Fredag 17.september kl. 18.00
har Stranda kvinneforening basar på Soknaton

Andakt ved Dag Tormod Milje
Enkel matserving

Velkommen!

Det norske misjonselskap

Go'sang i Aksdal kyrkje

I haust vil kulturutvalet i Førresfjorden menighet starte opp med «Go`sang» i Aksdal kyrkje.

Her blir det allsang med fengende rytme, og du er velkommen om du likar å synge eller berre ønskjer å høyre på.

Det vil bli forskjellige tema dei ulike kveldane, og me kan nemne gospelkveld, lovsangkveld, songar frå bedehusland, påskesongar o.l .

Følg med på nærare informasjon utover hausten.

Visste dere at vi har kor for Ungdommer?



Ungdomskoret OneWay
øver hver onsdag fra
18:30-21:00 i kjelleren på
Aksdal Kirke.

Her samles en gjeng ungdommer fra ungdomskolealder og opp i tyveårene som alle har til felles at de liker å synge og/ eller spille. Vi har også eget opplegg for konfirmanter om du vil spille og/ eller synge deg gjennom konfirmasjonstiden din. De fleste som velger dette oppdager at det er gøy i kor og blir med videre.

Stemningen under øvelsen er alltid på topp og lydnivået ofte ganske høyt. Det er sosialt og kjekt å synge i kor.

Er du interessert så møt opp en onsdag for å se og bli kjent med gjengen i OneWay, hos oss er alle velkomne.



Mot høst med Damer i rødt

En varm reise i Anne og Dinas verden fra Erik Bye til religiøse folketonar. Anne Vada, sang og Dina Førland, tangenter beveger seg i ulike genre.

Fokuset er denne gang hentet fra varierte sanger fra Erik Byes «Vår beste dag» til salmer og religiøse folketonar.

Innimellom her er også Anne Vadas egne låter. Musikken binder de sammen med små historier og egne dikt, som berører og får smilet fram.

Det blir to anledninger for å få med seg "Damer i rødt" i Aksdal kyrkje:

Lunsjtreff i Aksdal kirke
i forbindelse med Senioruka.
Torsdag 30. september kl 11.30
Andakt og utlodning.
Entre kr.50,-

Go'kveld
30.September kl. 19.30
En kveld med god stemning, kaffe/te og frukt.
Entre kr. 100,-



Simenklubben, høsten 2021

Klubb for mennesker med utviklingshemming, integrering.

Sted: Aksdal kyrkje, i kyrkjestova

Tid: kl. 19.30-21.30.

Inngangspenger: 30 kroner, ledsagere gratis.

Program:

- kveldsmat
- andakt og vi synger sammen
- lek/konkurranser.

Høstens datoer:

- Mandag 13.september kl.19.30-21
- Onsdag 6.oktober: Høsttakkefest i Norheim kirke kl.17.30
- Mandag 1.november kl.19.30-21
- Mandag 6.desember kl.19.30-21: Grøttest

Håper du har lyst til å komme!

Hilsen Liv Tryti, Norfrid H. Lønning og Lisbeth S. Haaheim





Bilde over: Ordfører Sigmund Lier følger med på barna sine aktiviteter. foto: Liv Jorunn Frønsdal

Festsøndag i Aksdal kyrkje

av Liv Jorunn Frønsdal

Søndag 29. august var det festsøndag i Aksdal kyrkje. Festen var ein kombinasjon av semesterstart og ei forsinka markering av fjorårets 25 årsjubileum.

Dagen starta kl. 8 med at over 20 personar tok turen opp til Alvanuten for morgonbøn. I strålende morgonsol blei dette ei flott stund. Etterpå blei frokosten servert i kyrkja.

Festgudstenesta samla i underkant av 200 personar i alle aldersgrupper, og hadde eit variert og spenstig innhald.

Organist Johannes Støle hadde regien for det musikalske, og hadde bl.a. fått med seg Jostein Bergfjord på sologitar under preludie, Lars Røthe på trommer, forsangargruppe og One Way. Ordfører Sigmund Lier kom med helsing frå kommunen.

Etter gudstenesta var det grilling, lapskaus og kaker, samt mange aktivitetar og leikar både for store og små.

Aksdal kyrkje har i 26 år vore ei aktiv kyrkje, og festsøndagen lovar godt for at det framleis vil vera stor aktivitet i kyrkja.




Bilde over: Organist Johannes og prest Gjermund kjempar om kven som er best i hestekokasting. Foto: Tore B. Erland

Bilde til venstre: Gjermund Lygre leia morgonbøn på Alvanuten. Foto: Liv Jorunn Frønsdal


Bilde under: Etter gudstenesta var det mange kjekke aktivitetar. Foto: Tore B. Erland

Bilde nede til venstre: Fylg gjerne @kirkenitysver på instagram, og sjå fleire bilete frå festsøndagen i Aksdal kyrkje.



**AKSDAL
KYRKJE**

25 ÅR





Ta et tak - Troppstur for Førre KFUK/KFUM speidere

av Jan Fitjar

Som ei avslutning på eit spesielt speidarår, hadde me lenge planlagt ein troppstur til Telemark for vandrar-speidarane. Men me visst ikkje om me kunne gjennomføra han mtp. Covid-19 pandemien. Heldigvis opna det seg for at me kunne ta med oss 50 unge og vaksne speidarar på kanotur.

I løpet av 5 dagar skulle speiderane tilbakelegge over 35 kilometer gjennom å padle frå vatn til vatn i Telemark. Tidvis fekk me utfordringar som me måtte løyse. Mellom to av vatna me skulle padle i måtte me frakta kanoar og sekker på ein etappe på opp mot 1 kilometer. Då var det godt å ha kanotraller med oss, som letta litt på børa. Her gjorde spesielt dei eldste speidarane ein framifrå innsats med å ta dei tyngste takka. Me vart imponerte over styrken og pågangsmotet dei hadde.

Nokre elvestryk kunne me padla i, medan andre var for grunne. Då måtte me ut av kanoane og leia kanoen, til me kom til djupare vatn. Morgenritualet vårt var vekking, morgonbad, flaggheis, frukost, pakking og bibeltime. I bibeltimane fekk me høyre historia om Josef. Johannes Skjervheim og Jostein Førre la opp desse timane til å bli både fengjande og engasjerande stunder.

Etter padleøkta var gjennomført var det tid for å etablere leir på den nye staden. Her jobba speidarane i patruljer og sette opp gapahuk av presenning for å kunne ha ein lun og tørr soveplass.

Ellers gjekk ettermiddagane i aktiviteter som bading, speidarkiosk, matlaging på primus og leirbål. Under leirbålet var det sang, leikar og underhaldning frå speidarane sjølve. Her var det alltid god stemning.



Siste kvelden hadde me tilhold på Nomesstrand, som ligg langs Telemarkskanalen. Denne kvelden var me så heldige å få besøk av ein pensjonert prest frå Nome. Han holdt friluftsgudstjeneste for oss i nydeleg solnedgang.

Turens siste dag starta tidleg. Det var vekking allereie 0630. Me måtte skunda oss om me skulle rekke å få komme oss ned gjennom Vrangfoss sluser før Turistbåtane kom. Me kom oss avgarde og padla ned Telemarkskanalen tidleg om morgenen. Folk som var på hyttene sine kom ut og vinka til oss, medan speidarane sang speidarsongar.

Det var spenning i kroppen når me padla inn den fyrste slusa i Vrangfoss. Porten vart lukka og på kort tid sank vannstanden i slusa. Dette var både kjekt og spennande. I dette sluseanlegget vart me senka ned heile 23 meter og me fekk ei fin historietime om korleis desse vart bygd og drive i gamle dagar.

Det var nokre slitne, men også fornøgdde speidarar som kom heim att på torsdagskvelden. På spørsmål om kva som hadde vore kjekkaste, kom det spontant fra ein av speidarane: "Det å få være sammen med andre, uten å måtte tenke på Korona."

Høyres det kjekt ut å være speidar?

Me har speidergrupper som startar opp att no i haust. Du får informasjon om stad og tid med å bli medlem av Facebooksidene til de ulike gruppene:

- Førre KFUK -KFUM Oppdagere 1 og 2 klasse
- Førre KFUK -KFUM Stifinnere 3-4 klasse
- Førre KFUK -KFUM Vandrere 5-10 klasse

Me gler oss til å sjå både gamle og nye speidere i høst!





Jubileumsfeiring lørdag 6. november

Bursdagsfest kl. 12.00 - 14.00

- Konsert med Sevenjentene og Soul children fra Vindafjord og Etne
- Pølser og Isbar
- Utlodning

Jubileumsfest kl. 18.00

- Festmiddag
- Hilsen fra ordfører Sigmund Lier
- Tale: Thomas Thesen
- Sang av Solvor K.Sundfør, Janne Kristine Eng og Bjarne Andreas Kallevåg
- Quiz
- Bildekavalkade,
- Intervju
- Framtidsdrømmer – visjon for framtida.
- Kake/dessertbord
- Boksalg, Jubileumsgave

Påmelding til Jubileumsfest på tlf. 975 89 956 eller stemnestaden@normisjon.no

Dyktige damer skaper kostymer

I barnehage-kyrkje samarbeidet blir førskuleborna kvart år inviterte saman med barnehageansatte til å ta del i ei julevandring i kyrkjene.

Dette året blir dette ekstra kjekt i Nedstrand og Skjoldastraumen, for der blir heilt nye draktar tatt i bruk!

Dei fem dyktige og kreative damene; Jorunn Baustad, Lovise Helle, Aslaug Kvam, Marit Heien og Olaug Rasmussen tok utfordringa, og har sidan i vår funne fram og studert stoff, gullband og dekor, og



tekst: Janne I. Eide




sett seg til symaskinane og trylla fram flotte kreasjonar som skal vere klare i november. Ei stor takk til dei dyktige damene – til stor glede og inspirasjon!

Det er stor sjans for at Josef, Maria, englane, gjetarane, husverten eller keiser Augustus blir å sjå for andre enn førskuleborna også når advent og jula kjem!

BARNAS SIDE

Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



Fargelegg

Tegning:
Asbjørn
Tønnesen



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under?



BARNAS

14 blader + DVD + CD
= kun 359,-

(privatabonnement hjem i posten)

Gruppeabonnement kun 179,- pr barn

- Bilettjenester med prisfaste tegner!
- Tårnagentenes klubb!
- Flotte aktiviteter og oppgaver!
- Egne nettsider på nettSPRELL.no!

Bestill på barnas@tarnagentene.no eller på telefon 22 08 77 00



Herren er min hyrde

salme 23

Det er haust, tid for å hausta og tid for å takka. I kyrkjene feirer me hausttakkefest i desse dagar.

Helgene framover skulle normalt vera tid for sauesanking i fjellet. Men i år har sauene i høgjellet vore urolige, nokre har søkt ned til bygdene rundt og mange har vorte henta heim før planlagt. Årsaka er åpenbar for dei som har vore i høgjellet denne sommaren. Lite snø i vinter har gitt få og små snøfenner som kan smelta og avdekka nytt gras og friske urter gjennom heile sommaren. I tillegg har det vore ein tørr og varm sommar. Sauene er urolige og stadig på etter leit vatn og betre beite.

Mange av oss har vakse opp med eit bilde av Jesus med hyrdestav over senga eller på veggen på bedehuset. Han vert omtala som den gode hyrdingen som veit kva me treng og gir oss nettopp det.

Salme 23 er ei Davidsalme som osar av tillit. Erfaringsbasert tillit. Tillit til at Gud vil oss det beste, at han vil leia oss i gode og vonde dagar og at han vil bera oss heilt til og forbi døden og oppstandelsen.

**Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.**

**Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn
kvile.**


**Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar
for sitt namn skuld.**

**Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
dei trøystar meg.**

**Du dukar bord for meg
framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.**

**Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar,
og eg skal bu i Herrens hus
gjennom alle tider.**


Nye, aktuelle bøker



Den hellige Birgitta

av Unn Falkeid (Kagge forlag)

Den hellige Birgitta (1303-1373) var ei av dei tydelegaste stemmene i Europa i si samtid og sette både kongar og pavar på plass. Unn Falkeid skildrar ei modig nordisk adelskvinne som valgte å følge eit heilag kall og bryte opp frå det livet som var staka ut. Ho føder og oppdrar åtte barn, blir så enke og bestemmer seg for å dra til Roma, kyrkja sitt sentrum, for å be paven om å vende heim frå sitt franske eksil. Stadig mottar ho syn og visjonar som vert nedteikna og til slutt fyller åtte bøker. Birgitta etterlot seg ein klosterorden og det hittil største forfatterskapet skrive av ei kvinne. «Den svenske enken» vart ho kalla. Ho vart kanonisert etter sin død, og er i dag Europa sin skytshelgen. Birgitta sitt dramatiske liv er ei eineståande forteljing frå europeisk middelalder. Du kan møte Unn Flakeid og høyre hennar presntasjon av boka under bLEST Litteraturfest i oktober.



God Morgon!

av Geir Gundersen (Bibelselskapet)

Geir Gundersen har halde morgon-andaktar i NRK i over 40 år. Tidene har skifta, men dei jordnære og tydelege orda hans om tru har heile tida gått rett til hjarte på nye generasjonar radiolyttarar.

Refleksjonane til Geir Gundersen er prega av erfaringar frå eit langt liv som truande menneske, erfaringar som både er personlege og allmenne.

Her er 119 andaktar til kvardag og høgtid – sorg og glede. Ei andaktsbok tett på Bibelen og tett på livet. Med forord av Nils-Øivind Haagensen.



Eg hadde ikkje orka Gud utan Jesus: seks samtalar og eit isbad med biskop Kari Veiteberg

av Sigri Sandberg (Samlaget)

Kari Veiteberg er den første kvinnelege biskopen i Oslo. Og ho er det i ei underleg tid. For no herjar koronaen, naturen kollapsar, klimaet blir endra, fundamentalistar krigar, det offentlege ordskiftet hardnar, og det blir stadig fleire flyktningar. Noreg er eit av dei mest sekulariserte samfunna i verda, men har trua noko å gje oss i krise og kvardag som vi ikkje finn andre stader? I så fall kva? Kva trur biskopen i Oslo sjølv? Og kven er ho? I denne boka snakkar Veiteberg om alt dette. Om eigen oppvekst, om å vere kvinne og prest, om ei kyrkje og ei verd i endring, om himmel og håp og det heilage.

Veiteberg er kjend for sitt sterke sosiale engasjement, ho har jobba blant uteliggjarar og rusavhengige, og som biskop opna ho ei kyrkje nattetid for heimlause. Ho er opprinneleg frå Stord, har doktortgrad i teologi og har vore synleg som prest og biskop i både radio og TV, ho har jobba både som prest i Kirkens Bymisjon og undervist i ulike teologiske emne.

Sigri Sandberg (f.1975) er journalist, prestedotter og agnostikar. Ho har jobba for norsk presse i over 20 år og gjeve ut 15 bøker, flest om natur, klima og menneske.

Bilete frå morgonbøn på Alvanuten 29. august.
foto: Liv Jorunn Frønsdal

Preiketekstane - høsten 2021

Søndag 12. september	16. søndag i treenighetstiden	Matt 5,10-12	Salige er de som blir forfulgt
Søndag 19. september	17. søndag i treeiningstida	Lk. 7,11-17	Jesus vekker opp enkens sønn
Søndag 26. september	18. søndag i treeiningstida	Mt.8-5-13	Offiseren i Kapernaum
Søndag 3. oktober	19. søndag i treeiningstida	Joh 7,14-17	Den som vil gjøre hans vilje
Søndag 10. oktober	20. søndag i treeiningstida	Mk.10,2-9	Ekteskap og skilsmisse
Søndag 17. oktober	21. søndag i treeiningstida	Luk.16,19-31	Den rike mann og Lasarus
Søndag 24. oktober	22. søndag i treeiningstida	Joh.12,35-36	Tro på lyset, bli lysets barn
Søndag 31. oktober	Reformasjonssøndag	Joh.1,16-17	Nåden og sannheten
Søndag 7. november	Helgemessesøndag	Mt.5,13-16	Jordens salt og lys verdens
Søndag 14. november	25. søndag i treeiningstida	Mt.14,22-34	Jesus og Peter går på vannet
Søndag 21. november	Domssøndagen/Kristi kongedag	Mt.25,1-13 25,1-13	Brudepikene
Søndag 28. november	1. søndag i advent	Mt.21,10-17	Jesus drar inn i Jerusalem
Søndag 5. desember	2. søndag i advent	Joh.16,21-24	Angst og glede

Personalnytt

Eli Kolstad tok til i stillinga som vikar for kyrkjelydspedagog Hjørdis Støle i august.

Eli er kjekk og blid bergenser som har budd på Haugalandet i fleire år. Ho var 11 år kateket i Nordheim kyrkjelyd.

No kjem ho frå jobb i Sjømannskyrkja i Spania og skal dette året også ta siste året i mastergraden «Theology and Ministry».

Me ønskjer ho velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.



foto: Katrine Eide

Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

**Neste nummer kjem i postkassen
ca. 3. desember**

**Frist for stoff til nr 4/2021:
12. november**

Send reportasjar, informasjon,
møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Tysvær kyrkje

06.06 Evander Nybru-Montanaro
20.06 Signe Christine Apeland
20.06 Maiken Eskevik Hestvik
20.06 Vetle Ødegård
11.07 Thor Birkeland Haukås
22.08 Ingeborg Sofie Hølland
22.08 Lilly Westvik Knutsen
22.08 Odin Storm-Surnevik

Bokn kyrkje

08.08 Matheo Mæland Erland
22.08 Mathilde Alvestad-Larsen
22.08 Olivia Sørvik Hansen
22.08 Emilie Øvrebø Ohnstad

Nedstrand kyrkje

18.07 Emil Osvåg Straum
18.07 Noah Nes Takle
01.08 Leon Solvang Sandsgaard
15.08 Eilev Kjensberg Silgjerd

Skjoldastraumen kyrkje

13.06 Fillip Eidsvåg
04.07 Olivia Time Teigen
25.07 Iris Odland Poulsen
08.08 Vetle Nistad Mæland
15.08 Bjørn Julbø
15.08 Savannah Mæland Sæverud
15.08 Iben Eklund Tørresdal
22.08 Hedvig Ferkingstad Yrke

Førre kirke

20.06 Oliver Olsen Fosen
20.06 Asbjørn Hansen
20.06 Filip Wee Larsen
22.08 Marius Førre
22.08 Madelen Norenes Frøyland
22.08 Emma Johanne Kringeland
22.08 Regine Alveskjær Løvås

Aksdal kyrkje

06.06 Linus Bringedal Guttormsen
06.06 Ingeborg Røthe
06.06 Oliver Førland Stakland
06.06 Erle Sæbø Tørresdal
06.06 Eivind Sæbø Tørresdal
13.06 Hugo Lenthe
13.06 Frida Antonella
DeDiego Østhus
27.06 Louise Kirketeig Sternhoff
11.07 Jakob Birk Alme Lura
08.08 Johanna Fjellet Skree

Vigde

Nedstrand kyrkje

03.07 Tiril Irene Strand
og Eirik Espevik

Førre kirke

07.08 Louise Strømsvold
Størkesen og Jon Bendik
Hausken

14.08 Vilde Andrea Knutsen
og Anders Nyvoll

Aksdal kyrkje

21.08 Kari Helen Johannesen og
Jerry Anders Simon
Brorsson
21.08 Bente Susort
og Jørgen Skaare

Jordfesta

Aksdal kyrkje

08.07 Rolf Wee
27.07 Ole Johan Aursland
24.08 Erling Magne Yrkje

Bisetting:

08.07 Inger Borg Tveit

Førre kirke

04.06 Bjørg Elisabeth Førre
15.07 Toralf Magne Håland
30.07 Trygve Waage

Bisetting:

30.07 Tor Bernhard Olsen
12.08 Liv Johannesen

Tysvær kyrkje

29.07 Tordis Gustava Førland
06.08 Odd Gunnar Heimdal
20.08 Aslaug Falkeid

Skjoldastraumen kyrkje

10.06 Anna Klungtveit
14.07 Inger Lise Holgersen
19.08 Ellen Amanda Ottøy

Nedstrand kyrkje

03.06 Malene Silgjerd
08.06 Einar Dag Eikje

Bokn kyrkje

11.06 Kjell Torbjørn Grønnestad
03.08 Maud Tobie
Alvestad Gulbrandsen
31.08 Finn Reidar Alvestad

**Stell av gravplasser
i Tysvær**



Arbeid og Inkluderings

avdeling Vepro

Tlf: 93 21 66 79/ 52 75 88 60

Velkommen til kyrkje



Me følg FHI sine smittevernregler. Det blir åpent for maks antall personar i forhold til byggets størrelse, med 1 meter avstand. Pga situasjonen kan det bli endringer, følg med på nyheter/annonser.

Aksdal kyrkje

12. september kl.11.00
Presentasjonsgudstjeneste
konfirmanter kull 2022

**25. september
kl.10.30, 12.15 og 13.45**
Konfirmasjonsgudstjenester
Kun for konfirmanter og familie/
inviterte

**26. september
kl.10.30 og 12.15**
Konfirmasjonsgudstjenester
Kun for konfirmanter og familie/
inviterte

3. oktober kl.11.00
Høsttakkefest

24.oktober kl.11.00
Misjonsgudstjeneste

31. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

14. november kl.11.00
Gudstjeneste – Dåpsskole
Utdeling av 4-års bok

21. november kl.20.00
Gudstjeneste

28. november kl.11.00
Gudstjeneste –Lys våken

5.desember kl.11.00
Gudstjeneste på Stegaberg bedehus

5. desember kl.18.00
Lysmesse

Førre kirke

19. september kl.11.00
Gudstjeneste

10. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

7. november kl.11.00
Gudstjeneste Allehelgensdag

12. desember kl.11.00
Gudstjeneste

Tysvær kyrkje

26. september kl.11.00
Hausttakkefest

10. oktober kl.11.00
Misjonsgudstjeneste

31. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

7. november kl.19.00
Helgemesse

21. november kl.11.00
Gudstjeneste-Utdeling av barnebibel

28. november kl.11.00
Ljosmesse

12. desember kl.16.00
Me syng jula inn

Skjoldastraumen kyrkje

19.september kl.11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste

3. oktober kl.13.00
Gudstjeneste- Presentasjon
konfirmanter kull 2007

17. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

24.oktober kl.11.00
Gudstjeneste- Utdeling 4-års bok

7. november kl.11.00
Gudstjeneste Allehelgensdag

28. november kl.19.30
Lysmesse

12. desember kl.11.00
Gudstjeneste

Bokn Kyrkje

26. september kl.15.00
Hausttakkefest

3. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

24. oktober kl.11.00
Gudstjeneste

7. november kl.11.00
Helgemesse

21. november kl.15.00
Gudstjeneste-Utdeling av barnebibel

28. november kl.18.00
Lysmesse

12. desember kl.11.00
Gudstjeneste

Nedstrand kyrkje

26. september kl.11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste

3. oktober kl.11.00
Gudstjeneste- Presentasjon
konfirmantkull 2007

17. oktober kl.13.00
Gudstjeneste

31. oktober kl.11.00
Gudstjeneste-Utdeling 4-årsbok

7. november kl.13.00
Gudstjeneste Allehelgensdag

21. november kl.11.00
Gudstjeneste

28. november kl.17.00
Lysmesse

12. desember kl.13.00
Gudstjeneste